



Notat

Dato: 13.08.2019

Arkivsak: 2018/16480-115

Saksbehandlar: marsolh

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmann

KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn 2019/2020

Til orientering har KS oppretta eit kommunalt nettverk for aldersvennlege samfunn for nemnde periode, og saman med dei andre kommunane i landet vart Hordaland fylkeskommune invitert til å søke om å ta del i nettverket. Etter fleire utsettingar var endeleg svarfrist for fylkeskommunen 12.08.19.

Hordaland fylkeskommune beslutta og svara tilbake at fylkeskommunen ikkje vil søke om deltaking denne perioden. I grunngjevinga for å ikkje søke skriv administrasjonen følgjande:

[...] tidspunktet for opprettinga av dette nettverket passar svært dårlig for Vestland fylkeskommune. Emna og fokusområdet som nettverket set søkerlys på er relevant og viktig. Samstundes er det både politisk og administrativt for tidleg å peike på kven det er naturleg skulle deltatt i dette nettverket allereie no. I tillegg står vi ovanfor ein svært travle haust og vinter med å sikre at Vestland fylkeskommune får ein så god start som vi meistrar å legge til rette for. I det perspektivet er vi nokre gonger nøydde til å prioritere bort det som isolert sett er gode initiativ for å rekke over meir kritiske oppgåver.

Invitasjonen frå KS ligg vedlagt.